



Sakshandsamar: Dagny Alvik
Telefon: 57 64 31 42
E-post: fmsfdal@fylkesmannen.no

Vår dato
09.10.2013

Vår referanse
2013/4346
Rapportnummer
2013.080.I.FMSF

Tilsyn ved Tenden Container og Gjenvinning AS - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknadar* om forbetringpunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstade under kontrollen Frå verksemda: Dan Bøe, Per Ole Tenden	Frå miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen: Dagny K. U. Alvik
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input type="checkbox"/> Sikkerheitsdatablad <input type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **6 avvik** og gjeve **1 merknad** frå ureiningsregelverket. **Fylkesmannen ser svært alvorleg på avvika når det gjeld handtering av farleg avfall. Verksemda må straks gjere tiltak for å rydde opp i forholda.** Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan **8.11.2013**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Vedteke kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dagny K. U. Alvik
overingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavingdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sf

Informasjon om verksemda:

Namn på verksemda: Tenden Container og Gjenvinning AS	Organisasjonsnr.: 976 505 328 Eigd av: 976 484 770
Stad og kommune: Stryn	Kontrolldato: 24.09.2013
Postadresse: Stryn Miljøpark, 6783 Stryn	Løyvedato og internt nr.: 06.01.2012
Risikoklasse: 3	<input checked="" type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavingdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknadar kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Aktuelt regelverk

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova).
- FOR-1996-12-06-1127: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- FOR-2004-06-01-930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovddata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Vi vil streke under at oppdatert oversikt over regelverk og fokus på vedvarande forbetringar vil på sikt styrke grunnlaget for sikker og lønsam drift. Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til vidare.

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **8.11.2013** evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Innan same dato ber vi om at verksemda gjer greie for sine

vurderingar og eventuelle utbetringar i tilknytning til våre merknader. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom verksemda meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka før fristen for attendemelding.

Dersom verksemda innan oppgitt tidsfrist ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova. Varselet er gitt med heimel i § 16 i forvaltningslova.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er plassert i risikoklasse 3.

Fylkesmannen varslar med dette at Tenden Container og Gjenvinning AS skal betale eit gebyr på kr. 11 700,- for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. De kan klage på vedtaket om gebyr. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Mottakskontrollen av farleg avfall er mangelfull

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta kap. 11 (§§ 11-5 og 11-13).
- Internkontrollforskrifta § 5.
- Utsleppsløyve datert 06.01.2012.

Kommentarar:

Verksemda sin kontroll med utfylling av deklarasjonsskjema er mangelfull.

Under tilsynet vart det til dømes observert ein heil palle med farleg avfall som var komme inn frå ei verksemd i juli i sommar. Det farlege avfallet var fortsatt ikkje deklarerert.

Ved mottak av farleg avfall skal løyveharar sjå til at avfallet er deklarerert. Dersom ein leveranse inneheld fleire avfallstypar, må det vere minst ein deklarasjon for kvar avfallstype. Verksemda som leverer farleg avfall er sjølv ansvarleg for at deklarasjonen er utført korrekt. Dersom dette ikkje er gjort må løyveharar gi tilstrekkeleg informasjon. Særskild liste skal førast over verksemder som ikkje deklarerer korrekt.

Mottakskontrollen er ikkje tilstrekkelig til å hindre at mottatt farleg avfall vert blanda med andre typar farleg avfall eller ordinært avfall. Verksemda blander farleg avfall med ordinært avfall

På inspeksjonsdagen kom det inn ein IBC container vinylgolvbelegg frå eit rivningsprosjekt. Det vart også observert at røyrisolasjon og malt betong vart skilt ut ved sorteringsstasjon av restavfall. Verksemda kunne ikkje dokumentere korleis dette vert handtert vidare. Det var heller ikkje journalført. Verksemda må leggje til rette for god sortering av byggavfall som kan vere farleg avfall, og handtere dette forskriftsmessig vidare.

Journal for mottatt farleg avfall er mangelfull utfyllt

Verksemda har ein journal for registrering av farleg avfall, men den var ikkje fylt ut slik at den stettar krava i løyvet. Verksemda har heller ikkje registrert byggavfall som kan vere farleg avfall i journalen (td, vinylbelegg, vindauge som inneheld klorparafin, røyrisolasjon mm).

For alt motteke avfall skal mengd av ulike avfallstypar førast nøyaktig etter registrering på godkjent vekt. Alle nødvendige opplysningar om avfallet skal journalførast. Kvar post skal ha sitt eige løpenummer (lagernummer).

Av journalen skal minst framgå: Dato for mottak, avfallsprodusent, lagerplass/tank, mengd avfall, EAL-kode og tal kolli. Det skal og noterast i journalen når avfallet forlet plassen og kor det vert levert (dato og namn). For farleg avfall må ein i tillegg registrere: deklarasjonsnummer, avfallstoffnummer og ved samdeklarasjon - overført samdeklarasjonsnr.

Avvik 2 Verksemda handterer ikkje sitt farlege avfall i samsvar med krav

- Avvik frå:**
- Avfallsforskrifta kap. 11 (§ 11-5)
 - Utsleppsløyve datert 06.01.2012.

Kommentarar:**Verksemda overskrider lagringstida for farleg avfall**

Motteke farleg avfall skal leverast vidare til godkjent mottak innan 6 månader. Verksemda har levert lite farleg avfall vidare den siste tida. Siste leveranse var maling i mars 2012, og refusjonsolje i aug 2013.

Verksemda lagrar større mengder farleg avfall enn tillate på anlegget

Verksemda har løyve til mellomlagring av 20 m³ flytande farleg avfall på anlegget. På inspeksjonsdagen kom vi fram til at det minst var 100 m³ flytande farleg avfall som stod lagra. Av det var det om lag 40 m³ med maling, lim og lakk og 31 m³ med slopvatn.

Farleg avfall er lagra på område som ikkje er tilstrekkeleg sikra mot utslepp

Det stod lagra IBC containrar og fat med farleg avfall over heile området. Det stod opptil fleire lagra i nærleik av sluk som ikkje var tilknytta oljeutskiljar. Containrarar for lagring av farleg avfall som verksemda hadde ved førre tilsyn i 2011 var fjerna. Bilbatteri stod lagra tilfeldig ute rett på asfalten utan tildekking.

Verksemda har ikkje system for merking /tilsvarande system for å halde orden på lagerplass for farleg avfall.

Mottaksstasjon for farleg avfall var dårleg merka. Det var også vanskeleg å komme til pga store mengder som stod lagra framfor container. Mykje av det farlege avfallet som stod lagra var ikkje merka. Samlagring av avfall kan føre til risiko for brann. Det stod td eit bilbatteri saman med eit oljefat og ein trepalle like ved opning av teltet som var fylt med farleg avfall.

Smittefarleg avfall (risikoavfall) er ikkje forsvarleg lagra, og står lagra saman med farleg avfall

Det er krav i løyvet at smittefarleg avfall (risikoavfall) skal mellomlagrast i fryselager med temperatur ikkje høgare enn minus 20 °C. Det stod lagra i teltet saman med det farlege avfallet. Det er også krav i løyvet at handtering av det farlege avfallet skal vere fysisk skild frå annan aktivitet.

Avvik 3 Verksemdas internkontroll har manglar

- Avvik frå:**
- Internkontrollforskrifta § 5 2.ledd nr.1-8.
 - Utsleppsløyve datert 06.01.2012.

Kommentarar:**Verksemda kjenner ikkje til sine plikter for handtering av sitt farlege avfall.**

Verksemda var ikkje kjent med krava i det nye utsleppsløyvet. Det var mellom anna ikkje kjent at dei kun hadde løyve til å mellomlagre 20 m³ flytande farleg avfall.

Opplæring og kompetanse er mangelfull

Verksemda ynskjer å ha meir fokus på farleg avfall og sanering/riving av hus. Det er viktig at verksemda oppdaterer seg på farleg avfall i byggavfall.

Verksemda har ikkje dokumenterte rutinar for handtering av farleg avfall.

Verksemda må utarbeide ei skrifteleg rutine for handtering av farleg avfall som sikrar forsvarleg handtering og at alle krav i løyvet vert følgt.

Verksemda utfører ikkje tilfredsstillande risikovurdering av aktivitetane sine og/eller mangelfulle handlingsplaner for å redusere risiko for uønskte hendingar

Verksemda kunne vise til at førre risikovurdering var gjort i 2011, og dei meinte at situasjonen ikkje hadde endra seg sidan då. Fylkesmannen er ikkje samd i dette. Slik vi ser det har situasjonen endra seg betrakteleg dei siste året. Vi tenker då særskilt på opphopinga av farleg avfall som vert lagra på området. Det stod no lagra farleg avfall på store deler av området. Det flytande avfallet hadde ikkje oppsamlingsvern. Det er stor trafikk på området, og risikoen for uhell er stor. Likeeins var det lagra store stablar med treballar like utanfor teltet som var fylt med farleg avfall. Inne i teltet stod det lagra smittefarleg avfall saman med det farlege avfallet. Verksemda bør oppdatere risikovurderinga, og lage handlingsplan med tiltak for å redusere risiko.

Verksemda har mangelfulle rutinar for avviksbehandling

Verksemda har utarbeida ei blokk (Tenden kortet) som kan nyttast til avviksmeldingar eller forbedringsmeldingar. Den vart lite nytta. Naboklager vart til dømes ikkje avvikshandsama skrifteleg, men det var teke opp munnleg.

Avvik 4 Verksemda har ikkje forsvarleg mellomlagring av avfall

- Avvik frå:**
- Utsleppsløyve datert 06.01.2012.
 - Ureiningslova § 29

Kommentarar:

I ein skråning i enden av området til TCG låg det ein stor haug med «flispulver». Dette var materiale som ikkje kunne nyttast i biobrenselanlegget til Stryn Fjernvarme då det gav avleiringar i pipe. Verksemda var usikker på kor lenge det hadde vore lagra der. Det er ikkje tillate å deponere biologisk nedbrytbart avfall. Dersom verksemda lagrar avfall i meir enn eit år før avfallet går til sluttbehandling, eller meir enn 3 år før det går til gjenvinning/handsaming vert det å rekne som deponering av avfall.

Likeeins var det i same området lagra forskjellige type massar (betong, tegl, tre etc. nedover ein skråning). Det stod også fleire kar med fliser, behandla betong på same området.

Det vart også observert ein open container med oske frå ei lokal verksemd som har stått der sidan 2011. Den bør vidaresendast til godkjent deponi.

Avvik 5 Verksemda har ikkje levert inn årsrapport for 2012 til Fylkesmannen

- Avvik frå:**
- Utsleppsløyve datert 06.01.2012.

Kommentarar:

Verksemda skal levere inn ein skrifteleg årsrapport innan 1. mars om miljøtilhøva ved dei ulike aktivitetane på området. Dette har ikkje blitt gjort for 2012. Siste purring på tilbakemelding vart sendt frå oss i april 2013. Under tilsynet meinte verksemda at dette var sendt inn på forsommaren, men det er ikkje registrert hjå oss.

Avvik 6 Verksemda har ikkje levert inn økonomisk sikkerheit

Avvik frå: • Utsleppsløyve datert 06.01.2012.

Kommentarar:

Verksemda skal stille økonomisk sikkerheit for å sikre at mottatt avfall vert forsvarleg handtert og behandla vidare dersom verksemda legg ned sin aktivitet eller på annan måte ikkje er i stand til sjølv å behandle avfallet. Denne sikkerheita skal omfatte alt avfall som til ei kvar tid er lagra hos eller av verksemda.

Økonomisk sikkerheit skal stillast i form av pant for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sperra bankkonto med ein innbetalt sum tilsvarande den summen som skal sikrast, eller ved ein løpande påkravsgaranti frå bank utskreven til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane på tilsvarande sum. Dersom verksemda kan dokumentere at det vil gje tilsvarande sikkerheit, kan Fylkesmannen etter ei vurdering godta andre former for sikring av den aktuelle summen.

Så snart som mogleg etter at løyvet er motteke, skal verksemda sende skriftleg melding til Fylkesmannen om korleis ein stiller sikkerheit. Dette er enno ikkje gjort.

Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknadar under kontrollen:

Merknad 1 Prøvetaking av oljeutskiljar**Kommentarar:**

Det er krav i løyvet om at verksemda må kunne dokumentere effekten av oljeutskiljar. Det skal takast minimum 4 prøvar i året, foreløpig var det teke 2 prøvar i mars og aug. Resultata viste at desse målingane var innanfor grensa på 50 mg/l.

Kopi: Stryn kommune